



## TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 10

Telefaks 53 43 70 11

KOMM. OG REG. DEP	
- 3 OKT 2006	
Ark.	
Avd.	/ /

Det kgl. kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

UGGDAL, 29.09.06

Saksnr.  
06/00594

Dok.nr  
007129/06

Arkivkode  
020

Avd/Sek/Saksh Dykkar ref.  
FSK/FEL/JOSE/ådh

### NOU 2006:7 - DET LOKALE FOLKESTYRET I ENDRING

Frå møte i FORMANNSKAPET 26.09.06, saknr. 0072/06.


De vert hermed orientert om at det er gjort følgjande vedtak:

"Formannskapet er samde om følgjande høyringsuttale i høve NOU 2006:7, "Det lokale folkestyret i endring":

- I forkant av lokalvala vert det i valkampen altfor mykje fokusert på sentrale politikkarar med sete i hovudstaden.
- Parallele val vil vera negativt, då dette vil medføra at media stort sett berre vil ha fokus på rikspolitikken framfor lokalvala.
- Det må arbeidast for at politikarrolla vert meir positivt oppfatta i lokalmiljøet. Mellom anna er det her viktig at det finst midlar til å driva ein aktiv politikk. Me må unngå at lokalpolitikarane heile tida berre vert sitjande som ei kuttnemnd og dermed stort sett fungerer som hoggestabbar etter upopulære tiltak.
- Klargjering av styringsalternativ før valet ser me som meir aktuelt for større kommunar. Det må vera opp til kvar enkelt gruppering om ein i forkant av eit val ønskjer å signalisera samarbeidsløysingar.
- Ein bør gå tilbake til ordninga med å øyremerkja midlar til finansiering av partipolitisk arbeid.
- Tysnes kommune meiner det er positivt med gjennomgåande representasjon og at dette styrkjer interessa for lokalpolitisk arbeid.
- Direkteval av ordførar er problematisk m.a. utifrå at ordføraren bør ha ein maktbase gjennom tilstrekkeleg støtte i kommunestyret. "

Med helsing  
Tysnes kommune

Audun Hovland  
rådmann



Jon Sævartveit  
konsulent